
KYRKJEVALET

2009



Rapport til møtet i Kyrkjerådet - mars 2010

Frå Kyrkjerådet sin prosjektleiar

RAPPORT KYRKJEVALET 2009

Innhold

1. INNLEIING	
1.1 Innleiing og avgrensing	side 3
1.2 Demokratireform og kyrkjeval	3
1.3 Politisk avtale	4
1.4 Samandrag - hovudkonklusjonar	4
2. ORGANISERING	
2.1 Samarbeid med den regionale og lokale kyrkja	5
2.2 Kyrkjerådet si interne organisering	6
2.3 Samarbeid med eksterne aktørar	6
3. TEMATISK DEL	
3.1 Aktivitetar med særskilt risiko	
3.1.1 Valkort – prosess og logistikk	8
3.1.2 Oppteljing bispedømerådsval	10
3.2 Økonomi	12
3.3 Digitale verkty	13
3.4 Nominasjon	14
3.5 Kommunikasjonsstrategi	15
3.6 Kandidatpresentasjon	17
3.7 Kyrkjeval same tid og stad som offentlege val	18
3.8 Valreglar	
3.8.1 Bispedømerådsval	19
3.8.2 Soknerådsval	21
3.8.3 To ulike valordningar	21
4. OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE	23
5. FAKTA OM KYRKJEVALET 2009	24

1. INNLEIING

1.1 Innleiing og avgrensing

Rapporten tek opp Kyrkjerådet sitt arbeid med førebuing og gjennomføring av Kyrkjevalet 2009. Rapporten er delt i to hovuddelar; den første tek opp ulike sider ved organiseringa av arbeidet med kyrkjevalet. Den andre hovuddelen kan lesast meir tematisk. Kwart underpunkt i kapittel 2 og 3 vert avslutta med eit kort samandrag i ein tekstboks med *fakta, vurdering og hovudutfordring*. Sist i rapporten kjem oppsummering og vegen vidare, før rapporten vert avrunda med fakta om kyrkjevalet i tal.

Kyrkjerådet lyste i mai 2009 ut eit eksternt, forskningsbasert evalueringsoppdrag. Det teologiske menighetsfakultetet og Stiftelsen kirkeforskning med støtte frå Institutt for samfunnsforskning, Otto Hauglin rådgivning as, Kirkelig utdanningssenter i Nord og Uppsala universitet fekk oppdraget med å evaluere kyrkjevalet. Evalueringa konsentrerer seg om 4 ulike delprosjekt:

- Tilhøvet mellom den politiske avtalen (stortingsforliket) og Den norske kyrkja sine særskilte valreglar vedteke av Kyrkjemøtet 2008 (KM-sak 11/08)
- Evaluere forsøksordningar inklusive særskilte tiltak
- Analysere valresultat og andre valdata
- Analysere veljaråtferd og valdeltaking

Sluttrapport for den eksterne evalueringa skal leverast 19. april 2010.

Kyrkjerådet sin rapport tek ikkje sikte på å gå forskarane sitt ærend. Medan forskarane mellom anna gjennomfører intervju med mange ulike aktørar, og samanfattar og analyserer ulike data, legg denne rapporten vekt på å skildre faktiske prosessar sett frå Kyrkjerådet si side, og kva for rammevilkår desse prosessane hadde. Kyrkjerådet sin rapport vert avslutta fleire månader før den eksterne evalueringsrapporten. Det kan likevel vere turvande å sjå desse rapportane i samanheng.

”Kyrkjevalet” er ei felles nemning for to ulike val; soknerådsvæl og val på bispedømeråd/ Kyrkjemøte. I Kyrkjerådet sin eksterne kommunikasjon valde ein å omtale dette med fellesnemninga Kyrkjevalet. I det offentlege rom, og særskilt i media, er tida ein har til rådvelde knapp. For å forenkla kommunikasjonen mest mogleg valde ein å legge vekt på kyrkjevalet som ei hending. I denne rapporten er det som regel fellesnemninga som er nytta. Der dei to vala er tydeleg skilde, kjem dette fram av teksten. I hovudsak vil dette gjelde under punkt 3.8, om valreglar.

1.2 Demokratireform og kyrkjeval

Kyrkja sine organ har gjennom ein lengre reformprosess teke til orde for ein endra relasjon mellom kyrkja og staten, konkretisert i KM-sak 8/07 *Grunnlovsforankring, kirkelov og kirkeordning for Den norske kirke* som utdjuvar Kyrkjemøtets posisjonar frå høyringsfråsegna til NOU 2006:2 *Staten og Den norske kirke* (Gjønnesutvalget). Vidare leverte Bakkevig II (arbeidsgruppe oppnemnt av KKD i samarbeid med Kyrkjerådet) innstillinga *Styrket demokrati i Den norske kirke* våren 2008. Eit samla Storting vart i april same år samde om ein politisk avtale som på sikt vil gje kyrkja større sjølvstende. Dette vil konkret medføre at det vert sett i gang ein prosess der partane sitt felles mål er at utnemning av biskopar og prostar vert overført frå kyrkjeleg statsråd til kyrkjelege organ som Kyrkjemøte eller bispedømeråd.

Før dette kan skje skal kyrkja, med utgangspunkt i Bakkevig II-utvalets innstilling, gjennomføre ei demokratireform. Kyrkjemøtet 2008 vedtok i KM-sak 11/08 *Særskilte regler for kirkelige valg 2009 (Demokratireformen)*. Reglane tek sikte på å følgje opp sentrale føringar gjeve i den politiske avtalen.

Kyrkjevalet i 2009 og 2011 er demokratireforma sine milepælar. Reforma sto ved kyrkjevalet i 2009 framfor sin første prøvestein; vil fleire av medlemmene oppleve kyrkjevalet og kyrkja som meir relevant, har vi lukkast i å informere og legge til rette for auka deltaking, og er det kyrkjelege valapparatet budd på å gjennomføre eit val i langt større utstrekning enn før.

1.3 Politisk avtale

Deltaking ved val er ein av indikatorane på medlemmene sin oppslutnad om ein organisasjon, det er difor eit klart resultatmål for Den norske kyrkja å auke valoppslutnaden ved dei kyrkjelege vala. I stortingsforliket derimot er ikkje valoppslutnad tematisert, det er grunn til allereie innleiingsvis å minne om kva kyrkja skal levere i høve til den politiske avtalen frå april 2008:

- Auka bruk av direkte val
- Innføring av reelle valalternativ
- Kyrkjeval samstundes med offentlege val
- Det bør i tillegg gjennomførast forsøk med ulike ordningar

Føringane frå stortingsforliket er i stor grad følgde opp ved regelendringar vedteke av Kyrkjemøtet. Alle elleve bispedøme har gjennomført direkte val. I fire av sju bispedøme var det direkte val på alle dei leke medlemene. Til saman er 52 av dei 77 leke medlemene valde ved direkte val. Reelle valalternativ er ivareteke på fleire måtar; ved val på sokneråd har det lenge vore mogeleg å stilla alternative lister. Ved val på bispedømeråd/Kyrkjemøte var det for første gong i 2009 høve for ei gruppe kyrkjemedlemmer å supplere kandidatlistene. Ordninga med preferanseval var i tillegg med på å gje veljaren sterkare påverknad ved at kandidatlistene ikkje var ferdig prioriterte på førehand. Til sist; kyrkjevalet vart halde samstundes med Stortingsvalet, og ulike ordningar med direkte val og kombinasjonsløyising med direkte og indirekte val er under utprøving og evaluering.

1.4 Samandrag – hovudkonklusjonar

Som førre avsnitt syner har kyrkja allereie etter valet i 2009 langt på veg svart på bestillinga frå den politiske avtalen i Stortinget. Kyrkja skal gjennomføre nytt kyrkjeval i 2011. Erfaringane frå valet i 2009 så langt fortel at vi skal gjennomføre eit val etter same hovudliner, men med nokre justeringar og ein god del forbetringar. Dei viktigaste er:

- På bakgrunn av dokumenterte erfaringstal frå 2009 sikre tilstrekkeleg økonomiske rammer til gjennomføring av valet, spesielt for det lokale og regionale nivået
- Revidere valreglar til både bispedømerådval og soknerådval med vekt på å forenkle
- Auke informasjonssatsinga, spesielt med omsyn til valordningar og kandidatpresentasjon

2. ORGANISERING

2.1 Samarbeid med den regionale og lokale kyrkja

Kyrkjevalet var eit stort felles løft for heile Den norske kyrkja. Utan ein kyrkjeorganisasjon som på alle plan mobiliserte kraftig på kort tid, ville ikkje kyrkjevalet vore mogleg. Gjennom organisasjons-, nominasjons-, motivasjons-, val- og resultatfasen har tilsette ved bispedømekontora, tilsette i kyrkjeleg fellestråd, tilsette på kyrkjelydskontor og mange uløna medarbeidarar lagt ned ein veldig innsats. Sjølv om det i mest alle sokn har gått bra, har Kyrkjerådet og fått attendemeldingar om at det for enkelte har kosta for mykje. Utsegna frå ein lokalt tilsett i Tunsberg bispedømme er nok dekkande for fleire:

Aldri har så få arbeidd så mykje for å mobilisere så mange (Tunsberg)

Ein suksessfaktor i organiseringa av kyrkjevalet ligg i samarbeidet med dei valansvarlege på bispedømekontora. Dette var nye stillingsheimlar i samband med demokratireforma. Kvart bispedømekontor fekk tilført ein halv stillingsheimel. Det er litt ulikt korleis kontora har løyst dette organisatorisk, nokre har rekruttert inn heilt nye medarbeidarar, andre har omorganisert oppgåver internt. Dei valansvarlege har fungert som særskilte viktige bindeledd mellom Kyrkjerådet og den lokale kyrkja. Flyt av informasjon mellom dei ulike nivå i kyrkja har med dette vore sikra.

Ein annan og viktig dimensjon i ein slik måte å organisere arbeidet på handlar om å bygge relasjonar. Sjølv om kyrkjeorganisasjonen er van med samarbeid, er det likevel i nokre samanhengar stor avstand med omsyn til metode, innhald og kontakt. Kyrkja er på veg mot større sjølvstende, ein organisasjon som er god på samhandling på tvers av nivå og linjer, står sterkare i framtida.

Kyrkjeleg fellestråd har ikkje etter regelverket noko direkte ansvar for kyrkjeval. Det er soknerådet som, etter valreglar fastsett av Kyrkjemøtet, har dette ansvaret. Soknerådet er engasjert i nominasjonsarbeidet, og i avviklinga av valet på sjølv valdagen. Det er i tillegg ein god del administrativt arbeid, både knytt til førebuing, gjennomføring og rapportering. Dette fell ofte på dei tilsette, anten kyrkjevjerja eller andre tilsette i kyrkjeleg fellestråd. Dette er ei naturleg løysing sidan kyrkjeleg fellestråd har eit ansvar for å gje sokneråda administrativ hjelp. I eit stort prosjekt som kyrkjevalet, og i ei omfattande demokratireform, ser ein i ettertid at kyrkjeleg fellestråd si rolle kunne vore forankra breiare. Samarbeid mot kommunar med omsyn til bruk av vallokale og forvaltning av det sentrale tilskotet er bådø oppgåver kyrkjeleg fellestråd ivaretok på vegner av sokna. Denne konkrete oppgåvefordelinga følgjer av kyrkjelova § 14. Det at kyrkjevjerjer mest alle stader har koordinert viktige operasjonar, ivareteke kontakt mot kommunen, hatt ansvar for økonomi samt vore eit naturleg kontaktpunkt for dei elleve valansvarlege på bispedømekontora vart avgjerande for gjennomføringa av kyrkjevalet. Denne rolla, og ansvaret, må for framtidige val synleggjerast og forankrast. Det kan skje ved at ein i valreglane tydeleggjer kyrkjeleg fellestråd sine oppgåver andsynes sokna.

I rapportar og attendemeldingar frå både regionalt og lokalt nivå er det eitt tema som går att; dei knappe tidsfristane og den seine informasjonen. Dette er gjennomgåande tematisert i alle fasar av valet. Hovudårsaka til dette skuldast tilhøve utanfor Kyrkjerådet sin kontroll. Det lovmessige og finansielle grunnlaget for gjennomføring av demokratireforma vart vedteke av Stortinget gjennom handsaming av Sttingsproposisjon nr 39 (tillegg til Statsbudsjettet 2009) 27. april og handsaming av Odelstingsproposisjon nr 34 (utvida forsøksheimel i kyrkjelova)

27. april og 12. mai. Valreglar for Kyrkjevalet 2009 vart sendt departementet for godkjenning primo mai og tildelingsbrev vart motteke i Kyrkjerådet 7. mai. Det formelle var såleis først på plass fire månader før valet og etter at kyrkjelege instansar for lengst var i gang med førebuingane framfor valet. Dette syner heilt konkret det stramme tidsløpet årets kyrkjeval leid under.

2.1 Samarbeid med den regionale og lokale kyrkja

Fakta: Kyrkjerådet samhandlar med elleve bispedøme, 430 kyrkjelege fellesråd og 1270 sokn.

Vurdering: Eigne valansvarlege på bispedømekontora har spelt ei nøkkelrolle, særskilt med tanke på informasjonsflyt mellom Kyrkjerådet og den lokale kyrkja. På vegner av sokna har kyrkjeleg fellesråd ved kyrkjeverjer ivareteke viktige oppgåver.

Hovudutfordring: Samarbeidet med dei elleve valansvarlege held fram, i tillegg bør kyrkjeleg fellesråd og kyrkjeverja si rolle forankrast breiare i førebuing og gjennomføring av kyrkjeval. Valreglane må reflektere oppgåvefordelinga mellom kyrkjeleg fellesråd og sokna slik den kjem til uttrykk i kyrkjelova.

2.2 Kyrkjerådet si interne organisering

Førebuing og gjennomføring av kyrkjevalet har kravd store ressursar i Kyrkjerådet sitt sekretariat. Demokratireforma høyrer heime i avdeling for kyrkjeordning, i denne avdelinga sorterer og medlemsregisteret. I tillegg har gjennomføring av kyrkjevalet involvert både kommunikasjonsavdeling og administrasjonsavdeling.

Kyrkjerådet fekk tilført to nye årsverk i samband med reforma, i perioden februar – juni i 2009 arbeidde i tillegg fleire andre tilsette meir eller mindre på heiltid med kyrkjevalet. Dette skuldast monaleg store arbeidsmengder knytt til mellom anna det nye medlemsregisteret sin valmodul, arbeid med offentlege anskaffingar og utforming av ulikt valmaterieil.

2.2 Kyrkjerådet si interne organisering

Fakta: Kyrkjerådet fekk i samband med demokratireforma tilført to ny stillingsheimlar. Tilsette i desse stillingane var først på plass i februar og april 2009. Grunna store arbeidsmengder måtte Kyrkjerådet i større utstrekning enn planlagt allokere interne ressursar til kyrkjevalet.

Vurdering: Kyrkjerådet meiner at storleiken og tidspresset i arbeidet med kyrkjevalet har vore på grensa til det uforsvarlege. Andre utviklingsprosessar i Kyrkjerådet vart sett på vent.

Hovudutfordring: Meir tid til planlegging og konkret erfaring med denne typen prosjekt gjer det mogleg for Kyrkjerådet å møte tilsvarande utfordringar på ein betre måte.

2.3 Samarbeid med eksterne aktørar

Kyrkjerådet har på fleire område henta inn kompetanse eksternt. Dette gjeld i særleg grad arbeid med offentlege anskaffingar, den store kommunikasjonsatsinga, nye tekniske dataløysingar og heilt nye aktivitetar som utsending av valkort til alle røysteføre medlemmer og elektronisk oppteljing av bispedømerådsvalet.

Anskaffingar

I arbeidet med offentlege anskaffingar valde Kyrkjerådet å samarbeide med miljø som har god kompetanse på dette. Kyrkjerådet kjøpte tenester hjå selskapet Firstventura i den omfattande anbodskonkurransen om kommunikasjonsoppdraget. Arbeidet innebar - i samråd med Kyrkjerådet - utarbeiding og kunngjering av anbodstekst med kravspesifikasjonar, gjennomføring av konkurransen samt kontraktsfesting av oppdraget med vinnar av konkurransen. I samband med denne anskaffinga vart det i tillegg gjennomført ei prekvalifiseringsrunde før sjølv hovudoppdraget. I forkant av dette igjen utarbeidde Apeland Informasjon eit framlegg til kommunikasjonsstrategi gjennom eit eige forprosjekt. Element av dette framlegget vart teke med vidare.

Til den neste store anskaffinga fekk Kyrkjerådet hjelp frå Departementenes innkjøpstjeneste (DepKjøp). DepKjøp gjev fagleg rådgjeving til departementa, Statsministerens kontor og DSS (departementenes servicesenter) i høve offentlege anskaffingar. Kyrkjerådet fekk gjennom avtale med Kultur- og kyrkjedepartementet høve til kostnadsfritt å nytte DepKjøp til konkurransen om trykkeoppdraget til valkortutsendinga. Sjølv med den korte tida som var til disposisjon var det ei sjølv sagt målsetjing for Kyrkjerådet å gjennomføre alle offentlege anskaffingar knytt til kyrkjevalet innanfor gjeldande lover og føresegner.

Kommunikasjonssatsing

Kommunikasjonsbyrået Burson-Marsteller (B-M) med reklamebyrået Bates og mediebyrået Mindshare som underleverandørar vann konkurransen om kommunikasjonsoppdraget. Oppdraget innebar arbeid knytt til strategisk kommunikasjonsrådgjeving der B-M hjelte Kyrkjerådet med følgjande overordna mål: å kommunisere at Den norske kyrkja har ein demokratisk styringsstruktur, og at medlemene er velkomne til å påverke gjennom å stille til val og velje til soknerådval og val til bispedømeråd/Kyrkjemøte. Bates sitt hovudoppdrag var produksjon av reklame for TV og radio samt bannerannonsering. Plassering av den betalte annonsekampanjen på TV, radio og nettstader sto Mindshare for. Kyrkjevalet fekk i sum rundt 3000 medieoppslag (sjå punkt 3.5), og to veker før valet svarte 98% i ei undersøking utført av Norstat at dei kjente til kyrkjevalet.

IT-tenester

I denne rapporten vert fleire krevjande prosessar skildra. Det gjeld mellom anna utvikling av digitale verkty, prosessar med teknisk logistikk, prosessar med ekstra krav til tryggleik og prosessar med særskilt risiko. Til dette har Kyrkjerådet henta inn IT-fagleg kompetanse. Medlemsregisteret fekk ny plattform våren 2009, samstundes vart ein eigen valmodul til bruk før, under og etter kyrkjevalet utvikla. Både utvikling, testing og produksjonssetting av dette har skjedd i nært samarbeid med IT-konsulentselskapet SenseIT. Selskapet hadde og hand om den tekniske logistikken i produksjonen av valkortet (sjå punkt 3.1.1), og då særskilt fletteoperasjonen der informasjon frå fleire ulike datakjelder skulle koordinerast. Den same kompetansen nytta Kyrkjerådet i oppteljing av bispedømerådsvalet (sjå 3.1.2), og då særskilt i samhandlinga mellom Kyrkjerådet som mottak for røystesetlar, registrering og skanning av røystesetlar hjå ein andre part og til endeleg tolking og valoppgjjer hjå ein tredje part. Utover dette har SenseIT og medverka til utarbeiding og oppfølging av risikoanalyse.

Oppteljing bispedømerådval

Preferanseval med elektroniske oppteljing var ein heilt ny aktivitet for kyrkja, og kravde såleis kompetanse på særskilt 2 områder; skanning eller registrering av røystesetlane, og deretter tolkinga av det skanna materialet. Gjennom ordinære anskaffingsprosedyrar etablerte Kyrkjerådet høvesvis samarbeid med Bankenes Betalingsentral og Universitetet i Oslo,

senter for informasjonsteknologi (USIT). Samarbeidet med USIT går attende til Kyrkjemøtet 2008, valreglane som vart vedteke i KM-sak 11/08 var ein tilpassa versjon frå UiO sine preferansevalreglar som vert nytta i samband med rektorval.

2.3 Samarbeid med eksterne aktørar

Fakta: Kyrkjerådet gjennomførte 7 offentlege anskaffingar til ein samla kostnad av om lag 33 millionar i samband med kyrkjevalet i 2009. Ei av dei større anskaffingane var knytt til kommunikasjon.

Vurdering: Innkjøpsprosessane var både tid- og kompetansekravjande. Generelt var tidsmarginane for knappe, noko som i hovudsak skuldast seine avklaringar frå Stortinget.

Hovudutfordring: Til neste kyrkjeval må arbeidet med anskaffingar starte tidlegare. Sjølv om endeleg avklaring i høve statsbudsjett for 2011 kjem i desember året før, kan og må mykje av førebuingane skje i forkant av dette.

3. TEMATISK DEL

3.1 Aktivitetar med særskild risiko

Dersom ein skal ta fram ein enkelt faktor som har gjeve gjennomføringa av kyrkjevalet auka risiko, må det vere tidsfaktoren. Seine avklaringar på reglar og økonomi frå Stortinget er omtalt under kap. 2, punkt 2.1. Dette medførte at Kyrkjerådet måtte arbeide under høgt press med eigne aktivitetar, men og i samhandlinga med bispedøme og sokn. For den lokale kyrkja, som faktisk gjennomfører sjølve valet, og som skulle omsetje sein informasjon i praktisk handling, vart nok både frustrasjonen og slitasjen sterkare enn den trong vere.

Kyrkjevalet 2009 vart gjenstand for fleire større anskaffingar. Alle innkjøp over terskelverdien på 0,5 millionar kroner skal leggjast ut på offentleg anbod, ref, punkt 2.3. Mange av anskaffingane i vårhalvåret skulle ideelt sett vore avslutta fleire månader tidlegare. Dette gav høg grad av risiko sidan alle tidsfristar, arbeid med eksterne leverandørar og uføreseielege hendingar ikkje opererte innanfor naudsynte marginar. Kyrkjerådet skulle gjerne hatt betre tid til å kvalitetssikre mange av prosessane i kyrkjevalet.

Kyrkjevalet 2009 opererte med ein overordna prosjektplan med 20 delprosjekt. To av desse delprosjekta vart definert med høg grad av risiko.

3.1.1 Valkort – prosess og logistikk

I byrjinga av august skulle alle røysteføre medlemmer i Den norske kyrkja få tilsendt valkort med tilhøyrande informasjon. Sjølv om utsending av valkort har vore prøvd tidlegare i mindre skala, var det første gong dette skulle fulldistribuerast til 3,1 millionar medlemer. Før dette måtte ein lukkast med fleire kritisk viktige deloperasjonar.

Ein trykkeleverandør for heile utsendinga skulle på plass etter ordinær anskaffingsprosedyre. Sjølvve distribusjonen hadde Posten Bring monopol på, dette vart såleis ei direkte anskaffing. Datagrunnlaget som valkortutsendinga var basert på, låg i medlemsregisteret sin valmodul.

Dette var eit heilt nyutvikla dataverkty, både for Kyrkjerådet som sit med brukarstøtte og support, men ikkje minst for alle dei lokalt registeransvarlege på bispedøme-, fellesråd- og soknenivå. Alle opplysningar som danna det sentrale datagrunnlaget og som skulle importerast frå medlemsregisteret, måtte vere ferdig registert innan 15. juni. Deretter hadde trykkeriet ca fire veker på å gjere valkortutsendinga klar til distribusjon. For å sikre at alle element i denne prosessen gjekk etter planen, henta Kyrkjerådet inn ekstern kompetanse på den tekniske logistikken i produksjonen.

Det vart våren 2009 tidleg klart for Kyrkjerådet at det var monaleg store tekniske utfordringar knytt til produksjonen av valkortet etter føresetnader gjeve av Stortinget. Kyrkjerådet har aldri tidlegare henta opplysningar frå både einingsregisteret, matrikkelen og det sentrale folkeregisteret til ein og same operasjon. I tillegg skulle alle sokn registrere tid og stad for valet, fastsette valkrinsar og registrere alle kandidatlistar til soknerådsvalet innan veldig knappe tidsfristar. På same tid tok Kyrkjerådet i bruk ei heilt ny teknisk plattform for kyrkja sitt medlemsregister. Dette var heilt naudsynt for å ha databaseverkty til produksjon av valkorta.

Kyrkjerådet har fått kritikk for manglande bruk av nynorsk i valkortutsendinga. Denne kritikken tek Kyrkjerådet til seg, det er likevel naudsynt å forstå litt av bakgrunnen for at informasjonsdelen berre låg føre på bokmål. Det mest ressurskrevjande med heile valkortutsendinga vart den kompliserte fletteoperasjonen som gjorde at mest alle fekk valkort til rett tid med rett informasjon om tid og stad for valet, men og med korrekt informasjon om alle kandidatar til både sokneråds- og bispedømerådsvalet.

Kyrkjerådet vurderte risikoen for i det heile teke å få sendt ut valkorta som så stor at sjølve produksjonen av informasjonsbrosjyren til slutt berre låg føre i ei målform. Det mest sentrale ved valkortutsendinga var valkortet, dette låg føre på begge målformer. Kyrkjerådet legg vekt på at bokmål og nynorsk skal vere jamstelte målformer og i praksis, men i valkortutsendinga var det vanskeleg å kome utanom det kompromisset som er skildra over. Til neste kyrkjeval vert dette retta opp.

3.1.1 Valkort

Fakta: 3,1 millionar røysteføre medlemmer fekk tilsendt valkort i byrjinga av august. Valkortet fortalde veljaren at det skulle vere kyrkjeval, kvar og når ein kunne røyste, kven ein kunne røyste på og meir generell informasjon om Den norske kyrkja. Valkortet hadde i tillegg ein returfunksjon der dei som ikkje sto som medlem, men likevel fekk valkort, kunne returnere valkortet i den vedlagde svarkonvolutten og på den måten verte sletta frå medlemsregisteret. Produksjonen av valkortet var ein teknisk fletteoperasjon med informasjon frå fleire ulike datakjelder. Sokna la inn kandidatinformasjon og informasjon om tid og stad for valet lokalt.


Vurdering: Sjølv med knapp tid til kvalitetssikring gjekk den tekniske delen av produksjonen etter måten bra. Valkorta kom fram til veljaren i tide og med rett informasjon. Dessverre synte det seg at heile utsendinga vart for kompleks. Det var ikkje tydeleg for veljaren kva dei ulike delane i sendinga var. Nokre trudde at kandidatlistene var røystesetlar, og returnerte såleis desse i "utfylt stand" med svarkonvolutten. Kandidatlistene var ein forenkla kandidatpresentasjon, og meint som eit supplement til annan informasjon, dette kom ikkje tydeleg fram.

Hovudutfordring: Til neste val kan ein gjennomføre den tekniske delen av valkortproduksjonen i hovudsak etter same metode. Med meir tid til planlegging vil ein både kunne redusere risiko, og auke kvaliteten. Valkortet sin funksjon må tydeleggjerast, informasjon om valet og om kandidatane må difor formidlast til medlemene på andre måtar. Kyrkjerådet ønskjer i tillegg å nytte høvet og ved neste val til å korrigere medlemsregisteret. Om ein gjer dette i samband med valkortutsendinga, eller på annan måte må drøftast nærare.

3.1.2 Oppteljing bispedømerådsval

Det andre delprosjektet med høg grad av risiko var oppteljing av bispedømerådsvalet. Alle sokn i landet skulle etter valet sende inn røystesetlar til ein nasjonal oppteljingsentral i Oslo. Sidan både den elektroniske oppteljingsmåten og sjølve valordninga var ny, vurderte Kyrkjerådet det som uforsvarleg å leggje denne operasjonen til bispedøme- eller soknenivå. Ein valde å samle dette i ein felles operasjon. Det la grunnlaget for uvurderlege erfaringar og auka kompetanse på eit heilt nytt felt. Oppgåva nasjonalt var å ta hand om skanning og registrering av dei innkomne setlane, og syte for at den samla datafangsten låg føre i rett format til det endelege valoppgjeret som gjekk føre seg på Universitetet i Oslo, hjå senter for informasjonsteknologi (USIT). Til denne operasjonen - frå setlane vart sendt frå sokna til valresultatet låg føre - var det sett av ti dagar.

Desse ti dagane er skildra visuelt i skjemaet under:



I denne prosessen vart følgjande faremoment vurdert: ny aktivitet utan samanliknbare erfaringar, uvisse kring valoppslutnad som igjen kunne få konsekvensar for framdrift, uvisse kring masseinnsending av røystesetlar og til ein viss grad kring dei utfylte røystesetlane. Alt dette gav opphav til spørsmål om korleis valmannskapet skulle disponerast. Dei viktigaste spørsmåla var:

- Ville røystesetlar kome inn i tide (fig.1-2)?

- Kor stort mannskap treng ein for å ta imot, sortere og vidaresende 300 000 røystesetlar (fig.2-6)?
- Kor stor del av røystesetlane måtte registrerast manuelt (fig.7 og 9)?
- Kyrkjerådet hadde rekna med ein valoppslutnad på 10%, noko som utgjer omlag 300 000 røystesetlar. Etter valdagsmåling og andre prognosar måtte vi bu oss på at det kanskje kom opp mot 600 000 røystesetlar (fig.1-13).

Oppteljingsprosessen hadde små tidsmarginar og mange nye element. Det var viktig for Kyrkjerådet å ha tryggleik i alle fasar av oppteljinga - frå postpakkar med røystesetlar frå om lag 1270 sokn kom til Kirkens hus og vart loggførde, til opplæring av ekstra mannskap, til transport og retur av røystesetlar mellom Kirkens hus og BBS, og til den manuelle registreringa av om lag 30 000 røystesetlar der datafiler på ein sikker måte skulle koplust saman med den andre datafangsten frå BBS.

Trass store arbeidsmengder lokalt og noko uklår rettleiing frå Kyrkjerådet nådde røystesetlar frå mest alle sokn fram i tide. Ved sjølve oppteljinga torsdag 24. september mangla det setlar frå 11 sokn. Ein valde likevel å telje setlane. Setlar frå dei 11 siste sokna kom nokre dagar etter, dette skuldast dels sein innsending og dels at pakkar hamna på feil postkontor i Oslo. Desse bispedøma vart talde på nytt, og det medførte endra valresultat i eit bispedøme.

Kyrkjerådet hadde inga erfaring med å handtere fleire hundre tusen røystesetlar. Veke 38 og 39 var av openberre grunnar spanande veker på Kirkens hus. Vi kom i mål takka vere stor dugnadsand i sekretariatet, velvilje frå huseigar og andre leigebruarar og ikkje minst innleidd arbeidskraft frå studentmiljø.

Det viktigaste med å samle denne aktiviteten sentralt var å hente erfaring. Dersom ein vel å leggje oppteljinga til bispedømenivået ved neste val vil ein frå sentralt hald ha god kompetanse i ein slik prosess. Ein vil likevel ha bruk for eigen kompetanse på fleire områder. Tidsbruken talar for å leggje oppteljinga til regionane, det var vanskeleg å forstå for både media og andre kvifor ein måtte vente i nærare to veker før resultatet frå kyrkjevalet var klart. Dersom ein ikkje sparer noko særleg tid på å desentralisere, kan ein vurdere å halde oppteljinga på nasjonalt nivå og i 2011.

3.1.2 Oppteljing bispedømerådsvalet

Fakta: Kyrkjerådet fungerte som nasjonal oppteljingssentral etter bispedømerådsvalet. Røystesetlar frå 1270 sokn vart sendt til Oslo for vidare handtering. Dette innebar maskinell og manuell registrering, og tolking av datafangst i eit eige dataprogram.

Vurdering: Nybrottsarbeid vil alltid by på særlege utfordringar. Kyrkjerådet si vurdering om å legge oppteljinga nasjonalt trur vi var ei rett vurdering. Det hadde vore ei uoverkomeleg oppgåve å leggje til rette for denne oppgåva i elleve regionar. Trass høg risiko var valresultatet klart som lova ti dagar etter valet, og til slutt med røystetal frå 100% av sokna i landet.

Hovudutfordring: Det vil ikkje vere avgjerande viktig å legge oppteljinga nasjonalt til neste val. Det som er viktig er den nyerverva kunnskapen kyrkja har fått. Denne kunnskapen kan like gjerne nyttast regionalt, i eit samarbeid mellom bispedøma og Kyrkjerådet, som nasjonalt.

3.2 Økonomi

Demokratireforma i 2009 hadde ei kostnadsramme på til saman 73 millionar. 5 millionar vart tildelt over Statsbudsjettet for 2009, medan dei resterande 68 millionar vart tildelt gjennom ei tilleggsløyving (St.prop nr 39). Sjølv om ramma var noko lågare enn det Kyrkjerådet ba om, var det likevel etter Kyrkjerådet si meining mogleg å gjennomføre kyrkjevalet langt på veg etter intensjonane i Stortingsforliket. Eit oversyn over tildelinga fordelt på hovudpostar:

Tilskot til lokalt nivå	kr 27 000 000
Valkort og informasjon til alle røysteføre	kr 23 000 000
Nasjonal og regional tilrettelegging (info, opplæring m.v.)	kr 15 000 000
Evaluering	kr 3 000 000
Sentrale ressursar i Kyrkjerådet	kr 5 000 000

Tildelinga til sokna er omtalt og orientert om i rundskriv nr 2/2009, fordelingsnøkkelen vart fastsett av Kyrkjerådet og følgde desse kriteria:

- Eit grunnbeløp pr sokn
- Ein fast sum i tillegg for kvar røystestad som kjem i tillegg til soknet
- Ein fast sum i tillegg der valet går over 2 dagar (der dette følgjer Stortingsvalet)
- Eit grunnbeløp pr røystefør medlem i soknet

Kyrkjerådet presiserte kva for hovudoppgåver desse midla skulle dekkje; godtgjering til valfunksjonærar, auka informasjon og administrasjon som følgje av endringar i valreglane, og valmateriell. Det vart opna for variasjonar lokalt i høve innbyrdes veking mellom oppgåvene, Kyrkjerådet valde likevel å understreke departementet si føring om at godtgjering skulle utgjere den største utgiftsposten av desse. Rapportar frå dei kyrkjelege fellestråda syner at kyrkjevalet ikkje alle stader har hatt ei reell kostnadsdekking. Fellestråda melder om eit samla meirforbruk på om lag 5 millionar. Det er i tillegg grunn til å tru at dette er ei underrapportering i høve den reelle situasjonen; mange kyrkjeverjer og andre lokalt tilsette har brukt mange timar, dagar og veker til å administrere valet. Denne arbeidsmengda er i liten grad synleggjort med tal, men dokumentert med tekst.

Som det går fram av oversikten har vi ikke regnskapsført utgifter til lokal valgadministrasjon. Isteden ble innkjøp av nødvendig utstyr, godtgjøring til valgfunksjonærer og nødvendig valgmateriell prioritert innenfor tilskuddsbeløpet. Det administrative arbeidet har imidlertid vært betydelig, og anslås grovt til 3 ukesverk (Molde)

Det er neppe å ta for hardt i at minst halvparten av tidsbruken i forbindelse med valget for daglig leder kom i tillegg til det som har vært reell tidsbruk før (Alvdal)

Vi ønsker å formidle at et lite menighetsråd/fellestråd,, med bare deltidsansatte, har følt det meget krevende å skulle administrere dette kirkevalget (Hof)

Frå Kyrkjerådet si side vart det understreka at storleiken på tilskotet langt på veg måtte vere avgjerande for omfanget av valet (talet på valkrinsar, opningstid osv), dette skulle likevel syne seg ikkje å vere så enkelt i praksis. Når valet vert lagt samstundes med det offentlege valet vert det skapt forventningar om at dette er to parallelle val. Eit mindre tilgjengeleg kyrkjeval enn stortingsval var vanskeleg for den lokale valadministrasjon å forklare, eller forsvare. Sokna og fellestråda har difor i større grad enn tilskotet gav rom for gjort kyrkjevalet tilgjengeleg for medlemene. Dette er bra, og har truleg medverka sterkt til den tredobla

valopp slutnaden, men det har samstundes gjeve den lokale kyrkja ei økonomisk tillegg utfordring.

Fellesrådene har i utgangspunktet ikke den beste økonomi. Det blir helt feil å subsidiere gjennomføring av kirkevalg lokalt når dette gjennomføres etter vedtak i Stortinget (Rakkestad)

Vi tør anslå at tilskuddet i 2011 bør dobles dersom vi skal få dekket våre reelle merutgifter i forhold til tidligere avviklede kirkevalg (Ås)

Samla sett gjev ikkje rapporten om kostnader ved Kyrkjevalet 2009 eit rett bilete av kva valet kostar. Det blir meir rett å seie at rapporten viser korleis me har brukt pengane for å avvikle valet så forsvarleg som mogleg innanfor dei rammene me har fått (Samnanger)

I Kyrkjerådet sitt brev til departementet framfor statsbudsjettet 2011 er dette understreka som den viktigaste utfordringa framfor valet i 2011; den lokale kyrkja må ha tilstrekkeleg økonomi til å gjennomføre val i den utstrekning den politiske avtalen føreset.

3.2 Økonomi

Fakta: Demokratireforma fekk ei tildeling på 73 millionar for å avvikle kyrkjevalet i 2009. Vurdering: Tildelinga var noko mindre enn Kyrkjerådet ba om, dette gjekk mellom anna ut over informasjonssatsinga til medlemene. I Kyrkjerådet sitt opphavlege framlegg var det sett av midlar til to medlemsutsendingar. Lokalt har kyrkjevalet sprengt rammene for tildelinga, det er dokumentert eit meirforbruk på 5 millionar.

Hovudutfordring: Til avvikling av kyrkjevalet i 2011 har kyrkjerådet bede FAD (Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet) om ei tildeling på 97 millionar. Dette er ein auke på 29 millionar samanlikna med valet i 2009. Auken skal i hovudsak fordelast til den lokale og regionale kyrkja. Med denne tildelinga vil ein både kunne styrke den administrative gjennomføringa, og ivareta ein auka informasjonssatsing.

3.3 Digitale verkty

Avvikling av eit nasjonalt kyrkjeval med store krav til dokumentasjon krev tenlege verkty. Med det nye medlemsregisteret vart alle kyrkjekontor kopla opp til eit felles it-system, og det vart mogleg å både registrere valkortopplysningar og legge til rette for ei omfattande rapporteringsløysing. Dei stramme tidsrammene medverka til at dette verktøyet ikkje vart tilstrekkeleg testa og utvikla på førehand. Slike verkty krev i tillegg både opplæring og eit kompetent brukarstøtteapparat. Ein lukkast likevel med å få registrert valkortopplysningar frå alle sokn i løpet av 5 hektiske veker i mai - juni 2009. Rapporteringsløysinga har fungert etter måten bra, men den må forenklast til neste val. Det må samstundes leggjast vekt på at valet ikkje er over før alle resultat er registrert.

Intensjonen med registeret og den nye valgmodulen er bra, men det var en halsbrekkende øvelse for mange – lokalt og sentralt. Litt av et hastverk og snekring underveis. Dette kan ikke bli annet enn bedre neste gang (Sandefjord)

Ein viktig tilleggsdimensjon ved fulldistribusjon av valkort til alle røysteføre medlemmer, ved sida av å informere om valet, var å nytte høvet til å korrigere medlemsregisteret. Det er kjent at dette registeret ikkje er eit fullgodt medlemsregister, og at dette skuldast måten registeret vart etablert på. Gjennom politiske vedtak der økonomi var avgjerande valde ein å ta

utgangspunkt i folkeregisteret, ikkje kyrkjebøkene. På denne måten inneheld registeret namn på personar som ikkje er medlemmer, aldri har vore medlemmer, eller er utmelde av kyrkja. Ved å returnere valkortet ein mottok til kyrkjevalet i 2009 vart ein sletta frå registeret. Om lag 26 000 valkort kom i retur og desse er tekne ut av medlemsregisteret. På same tid har om lag 6 000 meldt frå at dei er utelate, men skal stå i registeret. Kyrkjerådet har grunn til å tru at endå fleire står feiloppført i medlemsregisteret. Når ein og ved neste val ønskjer å vende seg til alle røysteføre medlemmer basert på medlemsregisteret, vil enkeltpersonar på nytt verte råka av denne feilkjelda. Kyrkja bør difor nytte høvet ved kyrkjevalet i 2011 til ytterlegare å korrigere medlemsregisteret.

3.3 Digitale verkty

Fakta: Valmodulen vart teken i bruk for første gong ved kyrkjevalet i 2009. Oversyn over nominasjonskomitear og kandidatlistar, tid og stad for valet, utskrift av røystesetlar og valmanna samt rapportering etter valet var modulen sine viktigaste funksjonar.

Vurdering: Verktøyet vart utvikla og teke i bruk lovleg seint. Planleggingsdelen var klar ultimo mai, medan rapporteringsdelen var klar rett før valet. Dette medførte mykje ekstra oppfølging i alle fasar av valet, og ein slit med låg kvalitet i databasen i etterkant.

Hovudutfordring: Alle deler av valmodulen må vidareutviklast til neste val. Det må i tillegg arbeidast med problemstillinga kring valkringsgrenser og soknegrenser slik at dette ikkje skapar større vanskar enn naudsynt. Ein må og sikre at valmannalet er så korrekt som mogleg.

3.4 Nominasjon

Nominasjonsfasen markerte starten på kyrkjevalet. I perioden 1. februar til 15. mai arbeidde nominasjonskomitear over heile landet med å fylla listene. Sjølv om nokre avisoppslag handla om dei som av ulike grunnar sa nei, var det til slutt over 16 000 som tok imot utfordringa om å stå på kandidatlistene. I nominasjonen til bispedømerådsvalet vart det lansert eit heilt nytt grep: supplerande nominasjon. Frå 15. mai til 15. juni kunne 50 kyrkjemedlemmer frå minst 3 forskjellige sokn gå saman om å supplere lista med ein kandidat. Vedkomande kandidat var sikra plass på den endelege kandidatlista. Det vart supplert inn kandidatar i 9 av dei 11 bispedøma, heile 29 nye kandidatar kom inn på listene på denne måten.



3.4 Nominasjon

Fakta: Over 16 000 kandidatar sto på kandidatlistene til soknerådsvalet. 260 lek kandidatar sto på kandidatlistene til bispedømerådsvalet, 29 av desse var supplert inn av grupperingar av kyrkjemedlemer.

Vurdering: Nominasjonsfasen markerte den bratte starten på Kyrkjevalet 2009. Mykje var nytt, utfordringa med å fylle kandidatlistene til soknerådsvalet var dei same som ved sist val. Til bispedømerådsvalet vart den nye ordninga med supplerande nominasjon teke i bruk i 9 av 11 bispedøme.

Hovudutfordring: Det er berre eit år til nominasjonsarbeidet startar framfor kyrkjevalet i 2011. Informasjon, materiell og naudsynt opplæring må føreligge i god tid. Sentrale kampanjar må gje hjelp til det lokale nominasjonsarbeidet.

3.5 Kommunikasjonsstrategi

Kyrkjevalet gav Den norske kyrkja eit historisk høve til å få medlemer og ålmenta i tale. Dette var samstundes ei risikabel side ved prosjektet. Når kyrkja vender seg til alle medlemene, kan tiltalen bli negativt motteke. Når kyrkja rører på seg i offentlegheita, vert det alltid mobilisert krefter som ikkje ynskjer at kyrkja skal vere korkje synleg eller tiltalende. Om eit medlem får ei negativ oppleving av kyrkja når ho melder seg, er det alvorleg for hans eller hennar relasjon til kyrkja. Viss den kritiske merksemda dominerar den offentlege samtalen i samband med kyrkjevalet, går det ut over kyrkja sitt omdøme.

Den mest konkrete tiltalen var valkortsendinga, som gjekk til alle røysteføre medlemer i august. Utsendinga vart for kompleks, men gav kyrkjens medlemer syn for at dei var inviterte til å ta del i kyrkjedemokratiet. Slik sett var truleg utsendinga av valkort det einskildtiltaket som hadde mest effekt.

Den same utsendinga førde også til mykje offentlig støy av di den gjorde synleg feil og manglar i kyrkja sitt medlemsregister. Kyrkjerådet var ikkje godt nok budd på den negative merksemda dette baud på. Sentralbordet vart hardt råka og merksemda vende seg frå val og kyrkjedemokrati til rot i medlemsregister og manglande respekt for folks livsval. Støyen spelte på retoriske skjema som freistar å halde kyrkja fast i makt- og autoritetsposisjonar som ho har vanskar med å fri seg frå, og som spenner bein under budskapet om at kyrkja er ein demokratisk organisasjon. Slikt kan på kort tid bryte ned det ein har brukt store krefter på å byggje opp. At statsråden greip inn og gav politikarane ansvaret for rotet i registeret, la saka så godt som daud, inntil vidare.

Offentleg kritikk av valreglar og gjennomføring er ikkje i seg sjølv negativt. Kyrkjevalet vart kritisk granska av valekspertar, journalistar og veljarar. Dette bidrog til at kyrkjevalet vart kjent blant folk, og noko av kritikken er til hjelp i det vidare arbeidet med demokratireforma. Det vesentlege er korleis kritikk vert handsama. Etter Kyrkjerådet si eigen vurdering vart dei kritiske spørsmåla handtert kjapt og sakleg. Vår eiga handtering medverka ikkje til eskalering. Men noko av kritikken, og då særleg samanlikninga med politiske val, er eit kritisk punkt av di det etterlet eit inntrykk av at kyrkjevalet saknar legitimitet, sjølv om valoppslutnaden vart auka med fleire hundre prosent.

Den historiske satsinga på kommunikasjon hadde som mål å sørge for at alle kyrkjemedlemer visste om Kyrkjevalet 13. og 14. september. Kommunikasjonsstrategien for Kyrkjevalet 2009 var sentrert rundt ulike tiltak som skulle utfylle kvarandre og grovt sett ha følgjande funksjon:

- Nasjonal informasjonskampanje i TV, radio og sentrale nettstader (skape kjennskap til kyrkjevalet)
- PR-tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt (skape redaksjonell omtale som kan utfylle den betalte kommunikasjonen)
- Annonsering og kunngjering regionalt og lokalt (skape lokalt engasjement)
- Aktiv bruk av web (kyrkjevalet.no - eit informasjonscenter for interne og eksterne målgrupper)
- Valkortutsending (sikrar at alle medlemmer får informasjon om kvar og korleis dei kan røyste)

Den nasjonale informasjonskampanjen hadde eit gjennomgåande tema: *Kva for kyrkje vil du ha?*. Tanken var at dette spørsmålet skulle vere med å skape eigarskap og engasjement, også utover sjølve valet.


”Liten oppslutnad om kyrkjevalet, berre ein av fem skal røyste ved kyrkjevalet 14. september”. Dette kunne NTB melde eit par dagar før valet. Dette er lågt dersom ein legg ein valoppslutnad på mellom 60- 80 % til grunn. Ei slik melding er likevel oppsiktsvekkjande for kyrkja, at heile 23 % hadde planar om å røyste ved kyrkjevalet er svært høgt når ein samanliknar med ca 4 % deltaking ved tidlegare kyrkjeval. Gode meiningsmålingar kan vere utfordrande og skape forventningar som kanskje ikkje vert innfridd. Sjølv med gode prognosar var det grunn til å ha ei nøktern forventning. Valoppslutnaden på landsbasis enda på 10 % på bispedømerådsvalet og ca 13 % på soknerådsvalet.

NTB-meldinga tok utgangspunkt i Kyrkjerådet si måling gjennomført av Norstat, der det og kom fram at heile 98 % hadde høyrte om kyrkjevalet. Dette tyder at informasjonen om at det skulle vere kyrkjeval har nådd fram. Hovudkommunikasjonsoppgåva knytt til kyrkjevalet i 2009 var å bygge kunnskap om - og kjennskap til - at det skal vere kyrkjeval, og at alle medlemmer har røysterett ved dette valet. Vi meiner vi lukkast langt på veg med den oppgåva. Til neste val vil vi bygge vidare på dette, og ønskjer at kommunikasjonen i enda større grad må ta utgangspunkt i kva kyrkja er og gjer, og kva kyrkjevalet tyder for medlemmene. Auka medvit om kyrkjedemokratiet som informasjonskampanjen i 2009 bidrog til må følgjast opp.

I Mindshare sin posttest av informasjonskampanjen kjem det fram at kjennskapen til valet var særst høg, men at sjølve kampanjen ikkje scora så bra når den vart vurdert av publikum. Informantane melde at dei ikkje oppfatta kampanjen som særleg nyttig eller relevant, og halvdel sa at dei hadde eit dårleg inntrykk av kampanjen. Dette er eit resultat som må analyserast noko nærare.

I sum fekk kyrkjevalet i 2009 over 3000 medieoppslag. Dette er høgt med tanke på at kyrkjevalet og kjempa om merksemd i ei tid der stortingsvalet tok mykje av plassen. Oppslaga fordelte seg slik per veke:

Saker per uke – noen eksempler



3.5 Kommunikasjonsstrategi

Fakta: Kyrkjerådet sin overordna kommunikasjonsstrategi var å fortelje medlemmene at det er kyrkjeval, og at dei som medlemmer har rettar i samband med dette. Kommunikasjonen elles tok mål av seg å fortelje veljaren kvar og når dette valet skulle vere, i tillegg til korleis og kven ein kunne røyste på.

Vurdering: Kyrkjerådet meiner ein har lukkast med å informere om valet, og om tid og stad for valet. Forbetringspotensialet ligg i veljaren sin kjennskap til "korleis" og "kven". Kyrkjevalet er ei kommunikativ hending med stort positivt og samstundes risikabelt potensiale. Den norske kyrkja fekk ved kyrkjevalet høve til å vende seg til alle røysteføre medlemmer. Med meir tid til rådvelde i førebuingane kunne høvet truleg vore nytta endå betre.

Hovudutfordring: Å gje tilstrekkeleg og samstundes enkel nok informasjon til veljarane, og tale til medlemmer og ålmenta på ein måte som inspirerer til deltaking og engasjement. Å vere i ålmenta sitt kritiske søkelys på ein tillitvekkjande måte.

3.6 Kandidatpresentasjon

Presentasjon av kandidatar er regelfesta i KM-sak 11/08 *Særskilte regler for de kirkelige valg i 2009 (demokratireformen)*, vedteke av Kyrkjemøtet. Det skal vere utfyllande presentasjon av kandidatar til bispedømeråd/Kyrkjemøte, medan kandidatar ved soknerådsvalet, som tidlegare, kan verte presentert på same måte. Kyrkjerådet oppmoda alle sokn om å presentere kandidatane utover det som er eit regelfesta minimum. Det varierte mykje korleis sokna løyste denne oppgåva.

I "kyrkjevalkampen" vart kandidatane sin eigenpresentasjon til bispedømeråd/Kyrkjemøte supplert av både grupperingar som kjempa for enkeltsaker, og av media som løfta fram ulike

tema. Dette er ønskjeleg. Samstundes vart det gjennom media etterspurt meir presentasjon av kandidatane. Enkeltpersonar vende seg til Kyrkjerådet, og sikkert til både det lokale og regionale nivået i kyrkja, i same ærend. Dette var positivt, og synte at det var engasjement rundt kyrkjevalet. Med så stor offentleg merksemd vart det skapt forventningar om at kandidatane skulle ha ferdig formulerte meiningar om mange spørsmål, og kanskje i større grad representere bestemte retningar eller plattformer i kyrkjelandskapet.

Bodskapen om at det var enkeltpersonar som stilte til val, med engasjement, evner, erfaringar og interesser for ulike saker relevant for den kyrkjelege dagsorden, drukna noko i eit uttalt krav om at kandidatane skulle vise kvar dei sto - ikkje berre i teologiske og kyrkjepolitiske saker - men og i meir dagsaktuelle politiske saker. Preferanseval føreset at veljaren kjenner kandidatane. Sjølv om kritikken som vart framført av både valforskarar, kommentatorar og einskildpersonar om mangelfull kandidatpresentasjon enkelte gonger hadde meir støy enn innhald, bør arbeid med kandidatpresentasjon forberast til neste kyrkjeval.

3.6 Kandidatpresentasjon

Fakta: Kyrkjemøtet fastset reglar for kandidatpresentasjon. Kandidatar til bispedømeråd/Kyrkjemøte vart utfyllande presentert etter mal utarbeidd sentralt, medan kandidatar til soknerådsvalet etter regelverket kan presenterast enklare. Kyrkjerådet hadde ansvar for to sentrale tiltak som involverte kandidatpresentasjon; valkort og web-portal (kyrkjevalet.no). Bispedøme og sokn hadde ansvar for fleire andre tiltak, som brosjyrar, eigne nettsider, kyrkjeblad osv.

Vurdering: Sjølv med fleire omfattande informasjonstiltak etterlyste veljarar meir utfyllande presentasjon av kandidatane. Dette gjeld både mengda informasjon, og til ein viss grad innhaldet i den informasjonen som var tilgjengeleg. Kandidatpresentasjonen i valkortutsendinga hadde, som følgje av at alt skulle samlast i ei utsending, ein del manglar.

Hovudutfordring: I tillegg til valkortet må det kome ut informasjon som fortel veljaren det veljaren treng å vite, både om valet og valordningane, og om kandidatane som står på val.

3.7 Kyrkjeval same tid og stad som offentlege val

Ei av dei sentrale føringane i stortingsforliket er at kyrkjeval skal haldast samstundes med offentlege val. Som nemnt innleiingsvis skal demokratireforma gjennomførast med utgangspunkt i Bakkevig II-innstillinga. Bakkevig II tek først og fremst til orde for ein felles kyrkjeleg valdag. Tidlegare har soknerådsvalet gått over 2 søndagar. Ein felles valdag for heile kyrkja vil skape større merksemd om valet, og lette informasjonen om valet. Når ein så gjer framlegg om å prøve ut denne felles kyrkjelege valdagen samstundes med offentlege val, er det fordi det tidlegare er prøvd ut med ”overveiende gode erfaringer” (Bakkevig II, kap. 6, punkt 6.1, side 58).

Bakkevig II held fram kommune- og fylkestingsvalet i 2011 som det offentlege valet som kan skape mest engasjement om lokale tilhøve. Dette får ein allereie prøvd ut neste haust sidan funksjonsperioden frå kyrkjevalet i 2009 er forkorta.

Generelt har samanfall mellom kyrkjeval og stortingsval i 2009 skapt større merksemd, auka valdeltaking og sterkare engasjement om kyrkjevalet. Valet vart lagt mykje meir til rette for veljarane, og informasjonen om valet har vore meir målretta. Valet har òg ført til meir og tettare samarbeid mellom kyrkje og kommune:

Valdagen gjekk veldig greitt. Vi hadde eit veldig godt samarbeid med administrasjonen og kultursjefen. Ein kan nesten seie at vi gjekk til duk og dekt bord (Björgvin)

Vi er kommunen stor takk skyldig for at valggjennomføringen ble så vellykket som den ble, innenfor relativt rimelige økonomiske rammer (Alta)

Frå den meir kritiske gjennomgangen kan ein framføre følgjande: reint prinsipielt kan eit så tydeleg samanfall gjere det krevjande å kommunisere at kyrkjeval og offentlege val er, og skal vere, to distinkt forskjellige val. Ikkje minst vil dette gjelde i den praktiske tilrettelegginga av valet. Mange reagerte på at skiltinga til kyrkjevalet nokre stadar var for dominerande samanlikna med det offentlege valet. Kyrkja og kommunar hadde i fellesskap eit ansvar for å halde vala skilde, i enkelte høve var ikkje dette skiljet tydeleg nok.

Vidare vert det skapt forventningar om ein større parallellitet enn tilfellet er, til dømes i kandidatpresentasjonen der skilnaden mellom 7 partiprogram og 260 enkeltkandidatar sin kompetanse, erfaringar, framtidsvyar osv ikkje var like lett å kommunisere. Ulikt regelverk førte og nokre stadar til eit "A-val" og eit "B-val", det er til dømes ikkje eit krav til bruk av røysteavlukke i dei kyrkjelege valreglane.

3.7 Kyrkjeval samstundes med offentlege val

Fakta: Kyrkjevalet vart halde 13. og 14. september, same datoar som Stortingsvalet. Det vart halde val i om lag 3300 kyrkjelege valkrinsar, av 3934 offentlege valkrinsar.

Vurdering: Samanfall gjev meir tilgjengelege val for veljaren, og det opnar for meir målretta og effektiv informasjon. Båe deler gjev "drahjelp" til kyrkjevalet.

Hovudutfordring: Ha medvit allereie frå nominasjonsfasen om dei prinsipielle sidene; kyrkjeval og offentlege val skal og i 2011 vere to forskjellige val.

3.8 Valreglar

3.8.1 Bispedømerådsvalet

Til kyrkjevalet i 2009 vart det for første gong, som ein del av demokratireforma, gjennomført direkte val til bispedømeråd/Kyrkjemøte. Den direkte valomgangen vart halden samstundes med Stortingsvalet 13. og 14. september. 4 av 11 bispedøme valde alle dei leke medlemene på denne måten. I dei 7 resterande bispedøma vart det gjennomført ei kombinasjonsløyseing der dei leke medlemene dels vart valde i ein direkte, og dels i ein indirekte valomgang.

Til bispedømerådsvalet nytta ein og for første gong preferanseval. Mykje var nytt med denne valordninga, ikkje minst røystesetelen. Kandidatar var sett opp i alfabetisk rekkefølge. Veljaren hadde minimum eitt, maksimum fem, kryss til disposisjon. Dette talet var relativt vilkårleg valt, ordninga kunne vore lagt opp slik at ein sette fleire kryss, jamvel opp til, eller over 20. Samanhengen (eller mangel på) mellom talet på kryss og talet på representantar som skulle veljast burde vore kommunisert sterkare. Nokre veljarar vart forvirra då dette ikkje samsvarte.

Ordninga med preferanseval vert nytta mellom anna ved parlamentsval i Irland, Malta og Australia, og ved rektorvalet ved Universitetet i Oslo. Ei tillemping av denne ordninga til bruk

ved kyrkjeval vart vedteke av Kyrkjemøtet i 2008. Hovudintensjonen med alfabetiske lister i motsetnad til førehandsrangerte lister var å flytte makt frå nominasjonskomiteen og over på den enkelte veljar. Ved Kyrkjevalet i 2009 har kyrkja sine medlemmer i langt større grad enn tidlegare hatt påverknad, både på kven som står på kandidatlistene gjennom ordninga med supplerande nominasjon, og kven som til slutt vart vald inn gjennom ei aktiv handling der ein måtte preferere minst ein kandidat.

Preferansevalordninga skapte til dels store overskrifter. Den nemnde alfabetiseringa av kandidatlistene kombinert med det mange meinte var mangelfull kjennskap til kandidatane som sto på val, vart gjenstand for kritikk frå ulikt hald. Ein må på bakgrunn av dette drøfte om intensjonane er oppfylt slik det opphavleg var tenkt, og kva som kan gjerast for at ordninga kan fungere endå betre.

Det vil vere rom for justeringar og forenklingar i reglane til preferanseval utan å fjerne hovudintensjonen om at det er veljaren som skal ha størst påverknad. Ein kan redusere kolonnar på røystestelen utan å redusere talet på preferansar. Vidare kan ein vurdere å redusere talet på preferansar og jamvel talet på kandidatar, for å forenkle informasjonen for veljaren. Ein kan og tenkje seg andre måtar å setje opp kandidatlista på enn etter alfabetet. Uansett vil denne ordninga krevje ein del av veljaren. Nettopp av di kandidatane representerer seg sjølve, ikkje eit bestemt parti eller ei gruppering, må veljaren gjere seg kjent med alle kandidatane. Akkurat denne delen er det vanskeleg å forenkle. Samanlikna med det offentlege valet der kandidatane som står på val fordeler seg i hovudsak på 7 partiprogram, gjev valordninga til Den norske kyrkja inga opning for slike avgrensa valalternativ. Dess viktigare vert det at kandidatpresentasjonen er så opplysende, aktuell og tilgjengeleg som mogleg.

Trass spaning knytt til utfylling av røystesetelen synte oppteljinga etter den direkte valomgangen at 95 % av røystesetlane vart fylt ut etter regelverket, medan 5 % av røystesetlane vart forkasta. Dei forkasta setlane var i hovudsak blanke setlar (utan kryss). Av dei 95 % som var korrekt utfylt, var ca 85 % fylt ut med eit kryss i kvar kolonne og rad, desse røystesetlane vart sendt til BBS (Bankenes betalingsentral) for skanning. Ca 10 % vart registrert manuelt, dette var røystesetlar som hadde fleire kryss i ei kolonne eller av andre årsaker ikkje var mogleg å lese av maskinelt.

Til sjølve oppteljingsmåten har mange kommentert § 12-1, tredje ledd i "Særskilte regler for valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet i 2009" der regelverket opnar for å godkjenne røystesetlar som har fleire kryss i same kolonne, og der dei nedste kryssa i slike tilfeller skal reknast for uskrivne. Uavhengig av korleis kandidatlistene er sett opp, vil ein slik regel slå ut i favør av dei som står øvst på lista dersom ikkje veljaren i tilstrekkeleg grad er merksam på dette. Om lag 10 % av røystesetlane hadde meir enn eitt kryss i kvar kolonne. Alternativet var at desse røystesetlane vart forkasta. Preferanseval vart gjennomført for første gang, ein valde i utforminga av regelverket å kome veljaren meir i møte enn det som strengt tatt var naudsynt. Til neste kyrkjeval vil denne valordninga vere meir kjent, i tillegg må det satsast meir på konkret informasjon om valordninga generelt men og om utfylling av røystesetelen i sjølve vallokalet. Det vil og som nemnt over vere rom for alternativ utforming av røystesetelen. I revisjonen av reglane vil det uansett vere rimeleg om ein vel å stryke denne regelen.

I den indirekte valomgangen, som vart halden i november månad, vart resten av dei leke medlemene, i tillegg til representantar for dei leke kyrkjeleg tilsette og prestane valde. Indirekte val er kyrkja godt kjend med, valet vart difor gjennomført etter rutinar og erfaringar frå tidlegare val. Noko var likevel nytt: Ville den ekstra merksemda knytt til den pågåande

demokratireforma gje utslag på engasjementet kring og oppslutnaden om valet i den indirekte valomgangen?

Etter alt å døme har ikkje den pågåande stat/kyrkje-prosessen hatt noko merkbar effekt på valdeltakinga. Etter måten like mange sokneråd, leke kyrkjeleg tilsette og prestar deltok ved dette valet som ved førre val i 2006. Valresultatet viser derimot ein klar tendens: det som i det offentlege ordskiftet vart omtalt som ”alfabetvalet” etter den direkte valomgangen, er i det indirekte valet i stor grad tilbakevist. Forbokstavane i etternamna til dei som vart valde representerer heile alfabetet. Det er grunn til å tru at dei tilsette og sokneråda visste meir om kandidatane, og såleis kunne velje uavhengig av rekkefølgja på røystestelen. Dette stadfestar at det trengst endå betre og meir informasjon om kandidatane i det direkte valet.

3.8.2 Soknerådsvalet

Valreglar for soknerådsvalet har ikkje vore til omfattande drøfting i samband med demokratireforma. Valet går føre seg som direkte val og det er høve til å stille alternative lister. Til valet i 2009 var det 8 sokn som hadde meir enn ei kandidatliste. Om valreglane til soknerådsvalet var uendra, var mange av tiltaka rundt valet nye. Til dømes hadde medlemene langt større tilgang til valet ved at dei kyrkelege vallokala i stor grad var samlokalisert med dei offentlege vallokala. I tillegg har dei ulike informasjonstiltaka, særleg valkortet, gjeve soknerådsvalet auka merksemd.

Det har kome ein del innspel og kritikk mot den gjeldande valordninga for soknerådsvalet. Kritikken kjem både frå valstyre lokalt og frå veljarar. Veljarar har peikt på at talet på kandidatar på mange av listene ikkje var større enn talet på rådsmedlemer. Kva står då valet om? Det er ikkje så motiverande å berre kunne endre rekkjefølgja på lista, og flytte kandidatar mellom fast plass og varaplass. Dette er det lett å vere samd i. Det er likevel slik at for mange nominasjonskomitear er utfordringa knytt til det å få nok kandidatar på lista. Og dersom listene hadde til dømes hatt dobbelt så mange kandidatar som plassar i rådet, ville det i praksis vore vanskeleg å endre på den prioriteringa nominasjonskomiteen har lagt til grunn. Veljaren kan både kumulere, stryke, endre rekkjefølgja på kandidatar og føre opp nye namn. Dette vert gjort av mange veljarar, og viser stort engasjement, samstundes som det gjer oppteljinga tidkrevjande. Enkelte tek til orde for å endre måten og rekne personstemmer på. Nokre av innspela tek til orde for at dei kumulerte skal teljast først; desse har fått preferanse frå veljaren. Andre tek til orde for å fjerne regelen om endra rekkjefølgje, då dette har liten effekt og kompliserer oppteljinga. Ein god del meiner regelverket må tilsvare, eller vere meir likt kommunevalet. Endeleg meiner mange at valreglane må forenklast.

3.8.3 To ulike valordningar

Både preferansevalordninga til bispedømerådsvalet og valordning til soknerådsvalet har forbedringspunkt. Det mest utfordrande var nok at to ulike valordningar vart gjennomført samstundes, der den eine ordninga var heilt ny. Når veljaren i tillegg skal røyste i eit tredje val - Stortingsval i 2009 og Kommune- og fylkestingsval i 2011 – kan forvirringa verte total. Reglar til dei offentlege vala rår vi lite med. Med omsyn til våre eigne reglar ville det opplagt vore enklare om reglar for soknerådsvalet og bispedømerådsvalet hadde meir til felles. Frametter våren skal Kyrkjerådet arbeide med revisjon av valreglane, og fremja dette som sak både til Kyrkjeråd og Kyrkjemøte. Målet må vere å lage regelverk som er enkle å forstå for veljaren, og greie - både praktisk og formelt - å praktisere for dei kyrkjelege organ som held val.

Resultatfasen – resultater, lokale saker



Romerikes Blad
 Sjefredaktør: Thor Wøje
 Nyhetsredaktør: Lars Lier
 Redaktør: Markus Moe
 Redaksjonssjef: Anne Skjerve
 Adm. direktør: Anne Skjerve
 Pål Eide

Vital foryngelse i kirkelivet

En av fem velgere ved stortingsvalget somte også ved kirkevalget, men med store variasjoner fra krets til krets. I tillegg er det mange som har gått inn i kirkevalget som nye medlemmer. I Høland krets er det mange som har gått inn i kirkevalget som nye medlemmer. I Høland krets er det mange som har gått inn i kirkevalget som nye medlemmer.

Unge til topps i k

De unge velgere ved stortingsvalget somte også ved kirkevalget, men med store variasjoner fra krets til krets. I tillegg er det mange som har gått inn i kirkevalget som nye medlemmer. I Høland krets er det mange som har gått inn i kirkevalget som nye medlemmer.

Romerikes Blad 20/9 (over) og leder 21/9 (til høyre)



Lierposten 28. september



Ringsaker Blad 22. september



Oppland Arbeiderblad 27. september



Die Danbolt Mies



Vant med to stemmer



Stungård inn i bispedømmerådet



Dagsavisen 30. september



Valdres 28. september



Bladet Tromsø 26. september

3.8 Valreglar

Fakta: *Utprøving av preferanseval og direkte val for første gong i alle bispedøme. Uendra valordning til soknerådval.*

Vurdering: *Etterlate inntrykk; komplisert valordning. Preferansevalordninga sin hovudintensjon om å gje meir makt til veljaren - aktivisere veljaren - slo berre delvis til. Mange veljarar etterlyste meir informasjon. Valreglar for soknerådval bør reviderast.*

Hovudutfordring: *Preferanseval bør prøvast ut ein gong til, for å få samanliknbare val, men og for å dra nytte av fersk kompetanse og erfaring. Valreglar til både bispedømmerådval og soknerådval må reviderast med tanke på forenkling. I tillegg må informasjonen om både valordningar og kandidatar styrkast.*

Sjølv om ein primært går inn for preferanseval og ved neste kyrkjeval i 2011, vil ein i den pågåande revisjonen av valreglane sjå om det er andre valordningar som og kan prøvast ut i eit meir avgrensa forsøk ved sida av preferansevalet. Det viktigaste er ikkje kva namn ordningane har, men om dei ivaretek sentrale politiske og kyrkjelege premiss. Det er eit mål å hente ut tilstrekkeleg med erfaringar i den pågåande demokratireforma slik at kyrkja på sikt får både gode og slitesterke valordningar.

4. OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE

Kyrkjevalet 2009 har gjeve kyrkja viktige erfaringar, ny kunnskap og auka kompetanse. Først og fremst med omsyn til valgjennomføring og samarbeid internt i ein stor, landsdekkjande organisasjon. Men og med tanke på utvida medlemskontakt, og kontakt mot media og samfunnet generelt. Kyrkjeval er ei punktuell handling som kjem i tillegg til all annan aktivitet kyrkja står for. Men om sjølve aktiviteten er punktuell, får det konkrete valresultatet verknad gjennom heile valperioden. Val er difor strengt tatt inga punktuell handling, men ein avgjerande og berande aktivitet for medlemene å engasjere seg i. ”Kva for kyrkje vil du ha?” var utfordringa til medlemene, og nettopp dette spørsmålet - med aktualitet utover sjølve valet - har engasjert og mobilisert langt fleire av kyrkja sine medlemmer enn ved tidlegare val.

Denne rapporten har skildra dei mest sentrale prosessane i førebuing og gjennomføring av kyrkjevalet. Rapporten peiker innleiingsvis på kyrkja sitt svar i høve den politiske avtalen frå april 2008. I tillegg dokumenterer rapporten nokre hovudutfordringar fram mot neste val;

Økonomi

Til neste kyrkjeval må det vere større samsvar mellom økonomisk tildeling og arbeidsmengde, særskilt i høve den lokale gjennomføringa. Attendemeldingar frå dei kyrkjelege fellesråda, som var tilskotsmottakarar på vegner av sokna, dokumenterer at kyrkjevalet vart langt meir kostnadskevande enn føreset. Rekninga på om lag 5 millionar i meirkostnad fall på den lokale kyrkja. Det er viktig for kyrkja å gjennomføre kyrkjeval med tanke på å engasjere medlemene, men når kyrkja er pålagt å gjennomføre val etter heilt eksplisitte føringar frå Stortinget er det rimeleg at dette vert fullfinansiert.

Forenkling

Deltaking i val må vere så enkelt som mogleg, utan hinder av noko slag. Dersom medlemmer vel å ikkje delta av di det er for komplisert, vil det utgjere ein reell fare for demokratiet i kyrkja. Samstundes; eit kvart demokratisk system krev noko av dei som deltek. Det følgjer eit ansvar ved rettane ein har som medlem. Dette ansvaret handlar om å gjere seg kjent med - og orientert om - kva valet inneber. I mengda og variasjonen av attendemeldingar Kyrkjerådet sit med, frå valstyre lokalt, valråd regionalt, kyrkjemedlemmer og andre er forenkling ein klår hovudbodskap. I revisjonen av reglar til neste val må enkelte sider ved ordningane forenklast, på same tid må informasjonen om valet og om dei ulike valalternativa synleggjerast slik at veljaren vert sett i stand til å delta.

Informasjon

Ein klår føresetnad ved eit kvart personval er ein tydeleg kandidatpresentasjon. Bakkevig II sa det slik: ”Presentasjonen av kandidatene må forbedres, slik at den bidrar til å tydeliggjøre for velgerne hvilke alternativ de har å velge mellom ved valget”. I presentasjonen som låg føre var ein del skilnader mellom kandidatane klårgjort. Det var likevel ”foreldrerett.no” og ”Åpen kirkegruppe” som i ei konkret sak i størst grad medverka til å tydeleggjere ulike alternativ for veljarane med sine kampanjar i høve spørsmålet om felles ekteskapslov. Mangelfull informasjon gjev nettopp rom for slike kampanjar.

Kyrkja er budd på å møte hovudutfordringane skildra over, med meir tid til naudsynt planlegging og kvalitetssikring vil ein allereie frå starten på nominasjonsarbeidet ha langt betre vilkår og føresetnader for å lukkast med Kyrkjevalet 2011.

5. FAKTA OM KYRKJEVALET 2009 – TAL

Bispedømerådval	Soknerådval
Val i 11 bispedøme	Val i 1270 sokn
I 4 bispedøme vart det halde direkte val på alle leke medlemmer I 7 bispedøme vart det i ei kombinasjonsløyseing dels halde direkte og dels indirekte val på dei leke medlemmene	80 sokn er med i prøveordning med felles sokneråd for to eller fleire sokn - dette utgjer samla 34 sokneråd 204 sokn er med i prøveordning med val på halve rådet kvart 2 år
260 leke kandidatar sto på val	16 347 kandidatar sto på val
29 av desse kom inn i den supplerande nominasjonsrunden	8 sokn hadde meir enn ei kandidatliste
52 leke vart valde direkte 25 leke vart valde indirekte i tillegg til 33 representantar for leke kyrkjeleg tilsette og prestane, 3 representantar frå nord-samisk-, lule-samisk og sør-samisk område og 1 representant frå døvekyrkja	Det vart valt inn 7585 faste medlemmer og 5968 varamedlemer
Kyrkemøtet har etter dette 115 medlemmer - inkludert leiar i samisk kyrkjeråd	Dei 430 kyrkjelege fellesråda er i hovudsak sett saman av representantar frå sokneråda
Mellom dei <u>leke medlemmene</u> har det nye kyrkjemøtet 55% kvinner, 45% menn, 22% under 30 år og ein snittalder på 45,9 år	Mellom dei faste medlemmene i landets sokneråd er 58% kvinner, 42 % menn og 6 % under 30 år
Valoppslutnad ca 10%, eller 311 041 røyster	Valoppslutnad ca 13%, eller 400 674 røyster (97 % av sokna har rapportert)
Valoppslutnaden var lågast i Oslo bispedøme med 7,59% og høgst i Nord-Hålogaland bispedøme med 12,37%	

Det vart halde kyrkjeval i om lag 3300 kyrkjelege valkrinsar av 3934 offentlege valkrinsar. Det vart registrert om lag 3000 medieoppslag om kyrkjevalet i lokale, regionale og sentrale medium.

Besøkstalet på www.kyrkja.no auka markant i forkant av kyrkjevalet 2009. Nettområdet www.kyrkjevalet.no hadde åleine 72 870 besøk i løpet av 2009.

